

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 12.02.2020
SAKSHANDSAMAR: Bård Humberstet
SAKA GJELD: **Plan for internrevisjon 2020-2021**

ARKIVSAK: 2020/43
STYRESAK: **043/20**

STYREMØTE: **11.03. 2020**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret vedtar revisjonsplan 2020-2021 med følgende prosjekt:

- Uønskt variasjon i pasientforløp, psykisk helsevern for barn og unge
- Bruk av tvang i psykisk helsevern
- Mottaksmodellen i Bergen
- Økonomistyring i byggeprosjekt
- Implementering av arbeidsprosesser ved innføring av IKT-verktøy
- Brukarmedverknad i føretaka

Oppsummering

Denne saka gjeld plan for regional internrevisjon i Helse Vest for dei neste to åra. Planen blir rullert årleg.

I dette saksframlegget blir det referert frå revisjonsutvalet si behandling av saka, og tilråding til styret. Sjølve plandokumentet ligg vedlagt.

Protokollert frå revisjonsutvalet si behandling 04.02.2020 (førebeles ikkje godkjend i møte):

Oppsummering:

Planarbeidet for kommande to-årsperiode har tidlegare vore behandla i sakene 28 og 35 i 2019. Utvalet drøfta det utkastet til revisjonsplan som låg i saka. Prosjekt om avtalespesialistar vart tatt ut av planen, og erstatta med eit prosjekt om økonomistyring i byggeprosjekt. Internrevisjonen blei bedt om å justere plandokumentet slik at det tek i vare endringane, før framlegging for styret. Revisjonsutvalet bad vidare om at risikovurderingar kjem tydeligare fram i neste planrevisjon. Som eksempel vart det vist til risikomatrissa brukt av ekstern revisor.

Vedtak (samrøystes):

RU tilrår styret å vedta revisjonsplan 2020-2021 med følgjande prosjekt:

- Uønskt variasjon i pasientforløp, psykisk helsevern for barn og unge
- Bruk av tvang i psykisk helsevern
- Mottaksmodellen i Bergen
- Økonomistyring i byggeprosjekt
- Implementering av arbeidsprosessar ved innføring av IKT-verktøy
- Brukarmedverknad i føretaka

Vedlegg:

Plan for internrevisjonen 2020 - 2021